



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Til UNESCOs mellomstatlege komité

Solstua i Oslo, tysdag den 14. juni 2022

Stiftelsen Norsk Kulturarvs ÅRSMØTEs UTTALE

- Seterkulturen inn på UNESCOs representative liste over menneskeheitas immaterielle kulturarv

Stiftelsen Norsk Kulturarvs ÅRSMØTE 2022 vil med dette uttrykke si støtte til nominasjonen av seterkulturen til UNESCOs representative liste over menneskeheitas immaterielle kulturarv.

Norsk Kulturarv er ein landsomfattande organisasjon med sterke band til landbruks- og matområdet. Samfunnets kunnskap, sterke interesser og dei rette haldningane til landbruks- og matsektoren er avgjerande for arbeidet vårt – Både for næringa og for oss som interesseorganisasjon innan kulturminnevernet.

Norsk Kulturarvs visjon er «Vern gjennom bruk».

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdier er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidreg på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premis for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk. Norsk Kulturarv er óg open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdier som inspirasjon, kunnskap og identitet.

Vi skal profilere oss gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Seterkulturen – Ein viktig del av den felles kulturarven vår

I mange tusen år har husdyra beita i utmarksområda våre. Denne haustinga av beiteressursane har foregått både i skog og fjellområder. Folk og buskap fulgte liene oppover frå garden til setra der gras vart forvandla til mjølk og ost. Innmarka heime på garden fekk dermed stå i fred for dyremuler store delar av vekstsesongen, og vart brukt til dyrking av korn, rotfrukter, vinterfôr og andre nyttevekster. Seterdrifta er skriftleg dokumentert i «Gulatingslova» i middelaldaren, og ein antek at setring var vanleg lenge før loven om den vart nedteikna.

Framleis er fjellbeitene ein viktig ressurs, men med tilgang på all verdens ressursar og import av matvarer, er våre egne blitt mindre lønnsame. På 100 år har 90 000 setre blitt til 900, og beitet er blitt til skog. Undersøkelser syner at trenden vil fortsetja – om ikkje vilkåra blir endra. Dette kan bli svært dramatisk av mange årsakar. For vi har så mykje å miste.

Et velskjøtta og aktivt seterlandskap er ein viktig identitetsskapar. Seterlandskapet skapar trivsel og er for mange ein sosial møteplass. Her kan ein føle på fellesskap og stoltheit over å vera frå - og å høyre til - i en tradisjon.

Fjellbeitet fjev god mjølkekvalitet og god helse hjå husdyra. Seterdrifta gjev eit rikare biologisk mangfald, med gode leveområder for mange trua artar av plantar og innsekter. På den måten tilfører seterdrifta naturen eit positivt økologisk fotavtrykk. På setrene finns eit mangfald av kulturminne som fortel oss noko om korleis folk før oss har brukt og hausta av landskapet.

Landbruket er ei «politisk» næring, og ulike tiltak blir satt inn i tråd med skiftande politikk og skiftande tider. Nå er heile verda påverka av COVID-19 og ikkje minst av brutal krig i Europa. Dette gjer diskusjonen om større sjølvforsyningsgrad lokalt og globalt høgaktuell. Er vi godt nok forberedt for framtida?

Tida er inne for å løfte fram alle sider av seterdrifta – Budeia, kulturlandskapet, bygningsmiljøet og alle andre sider av den tradisjonsrike og berekraftige seterkulturen. På bakgrunn av dette støttar Stiftelsen Norsk Kulturarvs ÅRSMØTE 2022 nominasjonen av seterkulturen til UNESCOs representative liste over menneskeheitas immaterielle kulturarv.

STIFTELSEN NORSK KULTURARV's

Årsmøte 2022

Jørn Holme
Styreleiar

Erik Lillebråten
Direktør



THE BEST IN HERITAGE
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK